



Stig Ove Jacobsen
Rylandshøgda 12
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2265 - 18/4058

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
28.02.2018

Godkjenning av ny avkørsel frå kommunal veg 1013 Rylandshøgda til GBNR 43/70

Administrativt vedtak. Saknr: 44/2018

Saksutgreiing:

Vi viser til søknad av 29.09.2017 om etablering ny avkørsel frå kommunal veg 1013 Rylandshøgda til GBNR 43/70.

GBNR 43/70 har i dag avkørsel på nordsida av tomta, men eigar ønskjer å stenge denne avkørselen ettersom den er trafikkfarleg. Avkørselen ligg uheldig plassert tett på krysset mellom Rylandshøgda og FV 248. Grunneigar har opplevd fleire farlege situasjonar og nesten-ulukker.

Vurdering

Administrasjonen har vore på synfaring på eigedomen den 01.02.2018 saman med grunneigar. Administrasjonen er einig med grunneigar si vurdering om at eksisterande avkørsel er trafikkfarleg grunna at den er plassert tett i krysset til fylkesvegen. Plasseringa skapar et uoversikteleg trafikkbilete og er ikkje ein anbefalt kryssutforming. Grunneigar opplysar også om at han i dag ikkje kan snu på eigen tomt, noko som førar til han må rygge ut av avkørselen.

Den nye omsøkte avkørselen vil ligge på sørsida av tomta og bli tilkopla den delen av Rylandshøgda som er køyrbar gangveg. Generelt er det ikkje ønskeleg å få meir trafikk på ein køyrbar gangveg. Men administrasjonen vurderar at eksisterande avkørsel har ein så uheldig og trafikkfarleg plassering at det likevel vil vere ein vesentleg betre løysing med ein ny avkørsel på sørsida av tomta.

Omsøkt avkørsel vil tilfredsstillere krav til friskt og stigning jf. Forskrift om avkørsler fra offentlig veg.

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 godkjenner Meland kommune avkøyrsele på følgjande vilkår:

- Avkøyrsele må opparbeidast i henhald til innsendte planer som viser at krav til frisikt er ivareteke
- Avkøyrsele må utformast vinkelrett og med ein svingradius på minst 4 m
- Grunneigar må tilrettelegge for at han kan snu på eigen tomt
- Frisiktsona skal til einkvar tid vere fri for sikthindringar av midlertidig eller permanent art, høgere enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå. Eksempel på sikthindringar er vegetasjon, gjerde, mur, bosspann eller liknande. Parkering i frisiktsona er ikkje tillatt.
- Avkøyrsele skal byggast slik at overvatn frå veggen ikkje renn inn i avkøyrsele. Den må også byggast slik at overvatn frå avkøyrsele ikkje renn inn i veggen. Dersom avkøyrsele avskjerer åpen grøft skal det leggast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrør skal leggast slik at vegggrøften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røyrret eller Der avkjørsel krysser fortau skal kantstein nedsenkes til 5 cm.
- Avkøyrsele med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenne, skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, uten omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrsele
- Eksisterande avkjørsel på nordsida av eigedomen må stengast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Nytt kartvedlegg
Krav til avkjørsel

Mottakere:

Stig Ove Jacobsen

Rylandshøgda 12 5917

ROSSLAND